



- Det er i Uskedalen det skjer! Gunnar Røssland under utleggjinga av sjøkabelen

- Det er i Uskedalen det skjer, sa formann Gunnar Røssland då han i føremiddag overvar ein imponerande jobb som vart gjort i Beinavikjo. Hans firma Røsseland Entreprenør har hovedentreprisen for det som skjer med opprustinga av vatn og avløp i øvre og nedre del av Halsabrotet - ein jobb for 3,25 millionar. Husnesfirmaet har hatt og har fleire store oppdrag her i bygda og det som skjedde i dag var utleggjing av ein stor sjøleidning på 60 meter.



Stor presisjon prega operasjonen

Det skjedde ved eit imponerende og presist samspel mellom Røsseland og spesialfirmaet IMC Diving og for å gjennomføre operasjonen var 2 gravemaskinar, ein båt og 2 lastebilar i aksjon. Det gjekk relativt smertefritt sjølv om det undervegs dukka opp ting som ikkje var avteikna på noko kart eller registrert på anna vis.

Entreprisen som er eit stort løft for firmaet som har 10 tilsette starta 2. mai og skal vera i mål i midten av november. Det er ein kombinasjon av opprusting av eldre, dårleg leidningsnett og nyanlegg. To bustadprosjekt som har venta lenge blir utløyst gjennom denne satsinga.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Halsabrotet er eit stort prosjekt for Røsseland